




Straumtilhøva langs ruta mot nord 2025

Av Harald Gjøsæter

I denne artikkelen skal vi ta for oss litt om korleis straumen er langs ruta mellom Askøy og øygruppa Geitene på Vilnesfjorden, som er rundingsmerke dersom løpet mot nord blir valt.

Generelt:

Det er tre faktorar som avgjer straumen sin styrke og retning i overflata i kystnære farvatn, det er vind, tidevatn og ferskvasstilførsel. Langs kysten renn Den norske kyststraumen nordover, og utanfor denne strøymmer atlantehavsvatn (som er varmare og saltare enn kystvatnet) i same retning. Kyststraumen er hovudsakleg danna av overskot av ferskvatn frå dei store europeiske elvane og frå Austersjøen, og får også tilført ferskvatn frå elvane som munnar ut i dei norske fjordane. Straumen blir pressa inn mot kysten på grunn av jordrotasjonen (Corioliseffekten), som bøyer av all rørsle på den nordlege halvkula mot høgre. Det er likevel ikkje nokon «roleg elv» som renn langs kysten, den varierer både i styrke og retning på grunn av forma på kysten, djupnetilhøva, vind, og tidevatn. Straumen kan stansa heilt opp i periodar, og det kan danna seg virvlar og bakevjer som gjer at variasjonen er stor. Jo nærare kysten ein kjem, jo meir variabel er straumen, og ein må gjerne både 15 og 20 nautiske mil av land før ein kan vera nokolunde sikker på å ha nordleg straum å segle i. I praksis er det derfor gjerne lita glede seglarane i «Seilmakeren Doublehanded» får av kyststraumen. I alle fall er denne straumen relativt svak, i gjennomsnitt ca ½ knop i overflata.



Meir interessant er straumen nærare kysten og i fjordar og sund, mellom øyar og holmar, for det er hovudsakleg her båtane ferdast under «Seilmakeren Doublehanded». Også her er det vind, tidevatn og ferskvasstilførsel som styrer straumbiletet.

Tidevasseffekten vert sterkare jo nærare kysten ein kjem. Medan tidevasstraumane i ope farvatn utanfor vestlandskysten kjem opp i ca ½ knop, kan desse straumane bli fem gonger så sterke inne i tronge sund, der mykje vatn skal pressast gjennom tronge opningar.

Tidevatnet kjem som ei bølge med svært lang bølgelengd. I ei bølge vil det setjast opp ein straum i rørsleretninga på bølgetoppen og mot rørsleretninga i bølgedalen. Tidevassbølgja som når Vestlandskysten er danna ute i Atlanterhavet, og kjem inn i Norskehavet mellom Færøyane og Shetland. Herfrå bøyer bølgja av langs kontinentalskråninga nordover og sørover langs Norskekysten. Mellom Karmøy og Stad treff bølgja omtrent rett på kysten, så flo og fjære på denne strekninga kjem omtrent samtidig. Lenger nord forplantar bølgja seg nordover, og straumen den set opp vil gå nordover ved flo (bølgetopp) og sørover ved fjære (bølgedal). Sør for Karmøy er biletet

meir komplisert, for bølga som går sørover i Nordsjøen møter ei reflektert bølge frå det europeiske kontinentet, og desse vil nokre stader utlikne og oppheve kvarandre, som ved Egersund. Her blir det derfor ingen tidevassforskjell. Forskjellen på flo og fjære i Bergen medan regattaen går føre seg i 2025 er om lag 1 meter. Men dette er «astronomisk tidevatn», som ikkje tek omsyn til om det er høg- eller lågtrykk, vindstyrke og retning, så det kan bli både meir og mindre forskjell enn dette.

Sidan tidevassbølga treff omtrent vinkelrett på kysten mellom Bergen og Vilnesfjorden, som dekkjer strekninga for «Seilmakeren Doublehanded 2025», vil tidevasstraumen her gå mot kysten når det er flo, og ut frå kysten når det er fjære. Men så fort ein kjem innanfor skjergarden endrar dette biletet seg. Tidevassbølga vil koma inn i opne område, som fjordmunningar, og vil så verta pressa vidare derfrå inn i fjordane og gjennom alle sund som går parallelt med kysten og har opningar mot fjordmunningane. I fjordane vil det setjast opp ein straum som går inn fjorden på stigande vatn og ut fjorden på fallande. Men i sunda vil straumens retning koma an på frå kva kant vatnet vert pressa inn, og her er det heilt andre straumkrefter enn bølgetopp og bølgedal som gjeld; her er det høgdeforskjellen mellom vatnet i eine og andre enden av sundet som er drivkraft.

Ved full- og nymåne, når det er springflo, vil tidevasstraumane vera sterkare enn ved halv måne (nipp). Men veret spelar også inn; når det er lågtrykk vil tidevatnet generelt gå høgare enn når det er høgtrykk. Og ekstra høgt eller lågt vatn vil naturleg nok føra til sterkare straumar enn normalt. Og om det i tillegg bles sterk vind mot kysten i lengre tid kan vatn «stuvast opp» langs kysten og gi høgare vasstand og meir tidevasstraumar enn vanleg. I tillegg vil også ferskvasstilførsel spela ei rolle, særleg i fjordar og fjordmunningar. Når det kjem ekstra mykje ferskvatn ut i fjorden, enten på grunn av mykje nedbør eller stor snøsmelting i fjellet, kan det setjast opp sterke overflatestraumar ut fjordane. På grunn av Corioliseffekten vil utgåande straum alltid vera sterkare på høgre sida av fjorden (i høve til straumretninga) enn på venstre. Mellom Askøy og Vilnesfjorden er det først og fremst i munninga av Sognefjorden at dette merkast, og dei seglarane som har kryssa seg opp Sognesjøen for å gå Ytre Steinsundet har nok stundom fått merka ein kraftig utgåande straum like før ein kjem inn i sundet.

Vinden er kanskje den krafta som påverkar overflatestraumen mest i litt opne område, der vinden får tak. Friksjonen mot overflata set opp ein straum, som rett nok ikkje stikk særleg djupt, men det gjer jo heller ikkje seglbåtane. Ein skulle tru at straumen gjekk rett unna vinden, men igjen er Corioliseffekten på plass og sørgjer for at straumen vert avbøygd mellom 10° og 40° til høgre for vindretninga. (Du har kanskje merka at farten er størst og avdrifta minst når du seglar for styrbords halsar på ein krysslens unna vinden?). Sjølv om retninga på straumen kan vera den same alle stader i eit sund, vil farten variera med djupna. Ofte er sundet djupast midt i, og her vil også straumen vera sterkast. Friksjonen mot botnen og mot landet på sidene av sundet gjer at straumen vert seinka der det er grunt og ved land. Nes og vikar vil avbøya straumen og danna bakevjer eller virvlar. Nokre stader kan det vera ei «attebera» heilt inne ved land, der straumen faktisk går motsett veg enn ute i sundet. Men er det ein terskel på tvers av eit sund, som er vesentleg grunnare enn på begge sider, går gjerne straumen aller sterkast der, fordi mykje vatn plutseleg vert pressa opp frå djupet og må over terskelen. Det kan difor vera smart å ta ein kikk på djupnekotane i sjøkartet når straumen skal vurderast.

Om straumen langs ruta


Det følgjande er dels henta frå «Den Norske Los» bind 3. Alle binda av dette nyttige bokverket er fritt tilgjengelig på Internett. Eg har også studert dei daglege straumvarsla på nettstaden Barentswatch (<https://www.barentswatch.no/bolgevarsel>), der ein kan få prognosar for både vind, bølger og straum, og har halde dette opp mot tidspunkta for flo og fjære. Eiga erfaring har vist at dei generelle skildringane av straumbiletet, som til dømes finst i «Den Norske Los» aldri må takast som ei absolutt sanning. Som skildra ovanfor, så vil dei lokale vertilhøva spela ei vesentleg rolle for

straumen. Og dei som er lokalkjende i området vil ha lagt merke til at somme stader skil seg frå det generelle biletet, så lokal kunnskap og eigen erfaring kjem alltid godt med!

Det følgjande må difor takast med ei klype salt, og hugs at det her berre er tidevasskomponenten av straumen som er omtala. Når det er stille, betyr denne komponenten mykje, når det bles kraftig, betyr han langt mindre. Straumen i sørlege og midtre delar av Hjeltefjorden går som oftast nordover, men ved vedvarande vind frå nord kan overflatestraumen snu. Går straumen ut, vil han gjerne vera litt sterkare langs Askøylandet og vidare på høgre sida av fjorden. I ytre delar av fjorden, og i farvatnet ved Fedje, går straumen inn (sør) på stigande, og ut (nord) på fallande sjø. I sunnda gjennom Gulen set straumen nord på stigande og sør på fallande sjø. Straumen i området vest for Byrknesøy (Brosmeosen og Djuposen) er meir variabel, men går som regel nord på stigande og sør på fallande vatn. Over Sognesjøen går dei sterkaste straumane i aust-vest retning. Vanlegvis renn straumen ut Sognefjorden og Sognesjøen, og er sterkast på fallande vatn. På stigande vatn kan det vera straumstilt eller det går ein svak straum innover, særleg på sørsida av fjorden. Herfrå og vidare nordetter gjennom Solund (inkludert Ytre Steinsundet) går straumen for det meste nord- og austover på stigande vatn og sør- og vestover på fallande vatn. Men vinden påverkar straumtilhøva sterkt, særleg i dei opne område vest for Ytre Sula, og står vinden frå sør, så går gjerne straumen nordover heile tida, men sterkare når det flør enn når det fjærar, og det er difor vanskeleg å setje opp nokon allmenngyldig regel for straumen i dette området. I sørlege enden av Ytre Steinsundet, ved Hesteneset, kan straumen i verste fall koma opp i 3-4 knop, så her bør seglasen planleggjast godt for å unngå at ein stemnar inn i sundet når straumen går som sterkast i mot! I Straumsfjorden vest for Ytre Sula kan også straumen gå særskild sterk, særleg den nordgåande (på stigande vatn). Denne leia har nok ikkje fått namnet sitt på slump! I området nord for Solund er det meir ope farvatn og tidevasstraumane er ikkje så merkbare.

Andre tilhøve langs ruta

Som nemnt i ein annan artikkel, og vegval langs ruta, er det nokre stader utfordrande å navigere mellom grunn-flak og skjer. Dette, saman med sterk straum og mykje vind, kan skapa rotete bølgeomønstre og farlege bølger nokre stader. Det kan vera nyttig å studere «Den Norske Los», der slike stader er vist på karta og skildra nærare. Desse opplysningane er basert på opplysningar frå losar og erfarne fiskarar som ferdast i desse områda. Særleg to stader langs denne kyststrekninga er nemnt: Området frå Holmengrå og innerst Sognesjøen, og området ved Gåsvær og nordetter Buefjorden. Det er særleg når stor sjø frå vestleg kant møter utgåande straum i desse områda at det kan dannast styrtbrenningar. Heldigvis kan begge desse områda delvis unngåast, om tilhøva skulle tilseia det. Det er likevel ingen grunn til å overdrive faren ved å seila i dette farvatnet. Vertilhøva om sommaren er sjeldan slik at grov sjø og farlege bølger kan oppstå. Dei gongene Seilmakeren Doublehanded har vore arrangert mot nord til no, har ikkje hardt ver vore noko stort problem, bortsett frå ein gong, då nordvesten etter eit lågtrykk slo hardt inn då båtane skulle returnere frå Florø etter ein pitstopp om natta. Ein annan ting som seglarane må vera merksame på er at ved utløpet av Hjeltefjorden og Fensfjorden seglar dei gjennom innsegglingsledene til Sture og Mongstad, der store tankbåtar ferdast. I dette området, som er tydeleg merka i karta som aktsomhetsområde, er vi pålagt visse restriksjonar. Om vi kappseglar aldri så mykje, er vi i denne samanhengen å sjå på som lystbåtar. Her er det viktig både å observere aktivitet og prøve å halde så godt klar som muleg i utgangspunktet, men også å lytta etter opplysningar på VHF frå Trafikksentralen på Fedje og losbåtar og vaktbåtar i området, og retta seg etter slike. Ettersom dei fleste som deltek i seglasen har AIS-sendar, kan også Trafikksentralen eller losane følgja med på kva båtar som eventuelt kan skape problem, og kan ta direkte kontakt om dei finn det naudsynt.



Tidevatn under Seilmakeren Doublehanded 2025

Figuren over syner utrekna tidevatn for Hjeltefjorden i perioden fredag 23. mai kl. 17 til søndag 25. mai kl. 12, til hjelp for å vurdere når tidevassstraumen vil gå med og mot på dei ulike delane av ruta frå Askøy til Geita og attende.

Dei første 3-4 timane etter starten er det fløande sjø, som betyr at straumen truleg er på nord i Hjeltefjorden. Frå kl. 21 til kl 03 på natta er det så fallande vatn, og ved Fedje vil då straumen kanskje setja inn og sør i ein periode. Det knyter seg mest spaning til kva som skjer når båtane når Straumfjorden/Ytre Steinsundet. Det er i overkant av 35 nautiske mil dit, og sjølvsagt lengre om det er kryss. Ved ein gjennomsnittsfart på tre knop tar det 12 timar, ved fire knop tar det ni timar, og greier ein å halde fem knop mot målet, så tar det berre sju timar. Ettersom tidevasstraumane ved Solund går nord på stigande og sør på fallande vatn, vil truleg dei fleste båtane, med unntak av dei raskaste, møte medstraum her mellom kl 03 og 09. Dei mest uheldige vil møte motstraum begge vegar, men det er ingen grunn til å fortvila på grunn av dette, er det god vind så betyr i alle fall straumen lite, med unntak av i sjølve Steinsundet og Straumfjorden utanfor, og det er neppe kor vidt ein er i fase eller motfase av tidevasstraumen som kjem til å vera avgjerande for kven som går til topps i Seilmakeren Doublehanded 2025.



God Seglas!

Blir det slikt vær gjennom Solund under Seilmakeren Doublehanded i 2025? Foto Harald Gjøsæter